

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 80.

Fylke: Møre og Romsdal.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: F r æ n a .

Emne: Folkemedesin
Husråd -kjerringråd.

Bygdelag:

Oppskr. av: Hans Haukås.

Gard:

(adresse): Elnesvågen.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle-forteljingar.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Dei var nokk meir uvyrdne og likesæle med sjukdomar og skader i eldre tid. Dei såg slikt som ein lagnad. Dette gjorde nokk at mange ogso var meir hardføre.

D ø m e:

1. Ein kar fekk blodforgiftning i ein fot. Han gjekk med dette til gifta var koma opp til underlivet. Om natta kjørde dei han til sjukehuset. Det var kald vinter.

På sjukehuset var det berre ei "søster." Ho såg på foten og fekk tak i lækjaren. Her må opererast med ein gong, sa han.

Men operasjonstua er kald, svara søstra.

Karen svara: De kan då vel skjera opp foten her eg ligg det kjem då vel på eitt ut, kvar det vert gjort.

Anei, du lyt nokk "bedøvast", sa dokteren. Nei, takk det trengst ikkje, eg skal vera heilt roleg, svara karen.

Eg skynar du trur det, men eitt er å tru, eitt anna å greia det, svara dokteren.

Berre skjer du, og gjer det snart, svara karen avgjort.

Gå etter søster Kari, sa dokteren til andre søstra.

Kari kom. Dei batt henderne hans bakpå ryggen og brystet til senggavlen, endå han protestera.

So gjekk dokteren laus og skar flengjer i den sjuke foten.

Karen fylde roleg med i det dokteren gjorde.

Du søster Anna, treng visst ikkje halda hodet på denne karen, gå etter oversøstra. Då ho kom innvart ho opp i undring. Kva var det dokteren ville? spurte ho. Det var ikkje anna, Astri, enn eg ville du skulle sjå ein av dei gamle vikingar.

2. Ein mann i 40 årsalderen fekk ein stukk nedpå aksla, so kragebeinet gjekk av. Han gjekk ikkje til dokter. Han gjekk med det til det grodde til, men fekk ein kul der brotet var. Seinare knuste han tre fingrar i ei maskine. Heller ikkje då gjekk han til dokter. Fingrane grodde til med krokhar både hit og dit, men eg har no vore hjelpt med dei segjer han.

Det er ei 40 år sidan desse hendingane.

3. Erik-70 år- stod og hakka nepe med ei hakkemaskine dreven av einelektrisk motor. Då det var kaldt hadde han vottar. Eine votten kom inn i maskina og drog handa med. Med eine foten fekk han tilslutt skuva dragreima av, so maskina stogga. Då var halve underarmen hakka i bitar oppover og på ein stod var det berre ei skinnfille stubben hekk etter. Han gjekk inn på kjøkenet til unge kona. Finn ein kniv og skjer av her, sa han. Kona seig i uvet. Han fann ~~sa~~ drengen, so han skar vekk stubben. So fann dei eit handkle og reiva over. Drengen tok hesten og kjørde til dokter. Han saga handa av høgare oppe uten bedøving, og utan at Erik svima av.

Det er 32 år sidan.

Sp.2.

Smitte visste dei om frå spedalskhet-kopper og ymse farangar. Dei tyggede på løk, ingefer og bruka tobakk. Dei la einer påsmen og brende, so romet fekk dâmen.

3. På dei fleste stader var folk kjende med ymse råder mot vanlege sjukdomar, men ingen einskild hadde ståande medesin mot alle sjukdomar dei kjende. Men i ein heim kunne dei *ha* eit slag medsin, i ein annan andre slag, so fekk dei med kvarandre eller laga til, når det trongst.

Men dei fleste hadde ståande Kornbrennevin tilsett anten :pepar, perikum, blåber o.a. Spørsmålet er elles so mangfoldig og vidsveimt, at ein laut skriva ei heil lækjebok for å gjeva svar på alt.

Men eg er ikkje klår over om dette er meiniga.

Eg skal berre nemna planter som var nytta: Aloe, Anis, Arnika, Blåber, Baldrian, Løk, Eineber, Malurt, Jordber,

Bukkeblad, Kjempe, Følfot, Tepperot, Eikebork, Padderokk, Hyld-blad, blomster og rot- Lindeblomster, Veibred, Linnia- (Noreltlegras) Graut av ymse slag, Øientrøst, Vassmynte m.m.

4. Dei større gardar hadde nokk meir ståande, men dei var helst folk som hadde messt kunnskap og interesse for slikt, som hadde det messte, og som ein gjekk til både for å rettleidning- og hjelp.

5. Det dei hadde kunne ein anten få låna, eller hjelp til å laga. Ymse prestar og jordmødre kunde av og til veta om ymse ting, men det messte av denne kunnskap var hos ymse slekter, der han gjekk i arv.

6. Kvæ -og tjøre var nytta til vern om sår, og rensing. Tjøre-omslag var nytta som trekk ved oppsamling av vatn i leda- serleg kneledet.

7. Treak-lakris- var nytta saman med andre stoffer mot hoste.

8. Dyvelsdrekk -

- 9. Jannast samla "medesinaren" sjølv eller dei fekk andre å gjera det.
- 10. Flytande saker var sjølvsaft på flasker-og då vatn eller mjølk oftast var nytta til ferdig-medsin vart ogso den på flasker. Flaskane stod jannast i eit skap eller i ei stor kiste. Tørka blad, blomster, og røter var i posar eller krukkor av ymse slag.
- 11. Eg veit dei kjøpte: Nellikolje, Glaubersalt, Natron, Kamfer heil- til kamferbrennevin. Kva samnamn apoteka hadde på slike varer, kjenner ein ikkje til.
- 12. Krankarar som reiste med slikt er ikkje kjende. Gigtringar- var jannast av massing-ofte med eit daudninghode innfata.

Det var sume som bar på seg Voltakors eller hadde sokalla gigtmaskiner- elektriske apparat.
- 13. Oppskrifter på medesiner veit ein ikkje om, det var messt muntleg opplysningar ein gjekk etter.
- 15. Mot svullar var jannast nytta feit graut eller grønsåpe som trekk, elles nytta dei ogso ymse planter som Groblads-kjempe. Mot hjepestikk rå løk. Men mange av urtene var blanda på ymse måtar etter bruken.
A. Lækjarane:
- 16. Nokon som dreiv allsidig lækjarverksemd av vanlege folk var det ikkje her. Dei som kunne gjeva hjelp hadde spesialisert seg for ymse sjukdomar.

Ein hadde råd mot sår og svullar-ein annan mot utslett, Ei kone hadde kur mot engelsk sykje- Det var sjøbad- eller passelig salt vann og et blodrensende middel, t. eksp. mikstur av blad og hyldeblomst.
- 17. Det var serleg slike som hadde opplysningane frå forfedrene.
- 18. Det kunne ogso vera innflytta folk.
- 19. Dei tok jannaste over etter ein som hadde slutta.
- 20. Oftaste var nokon i ætta som hadde dreve før.
- 21. Born med granskarhug og interesse kunne ogso ta til med det.
- 22. Ofte var det sjukdom-fann ein då ein medesin mot denne, vart den sjuke som ein lækjar for andre
- 23. Ein veit ikkje nokon som hadde lækjarverksemd som yrke. Men dei kom til sjuke eller laga medesin til dei, og sjuke kom til dei.
- 24. Pengar var sjeldan bruka. Jannast fekk dei noko "in natura" Og det dei fekk skulle vera betaling for medesinen.

- 4
25. Noko serleg samarbeid millom bydelækjarar og distriktslækjarane var det ikkje
26. Det var serleg dei som var rekna for opplyste som var imot bygdelækjarane.
27. Ein kjenner ikkje til rettssaker.
- B. Lækjeråd og lækjekurar.
29. Sjå svar på sp.3. Dertil nytta dei skinn, serleg av hund og katt
30. Jamnast samla dei og ordna emna sjølve.
31. Dei hadde i posar, med påskrevne namn-glass, pottes, esker, når det var tørka.
32. Ymse ein ikkje fann ute i natura vart kjøpt
33. Dei hadde ein morter til å finknusa blad, blomar og røter i. mål til å få høveleg mengde av kvart slag, kokekar
34. Dei som dreiv og laga fleire slag medesin, hadde nokk oppskrifter. Soleis såg eg ein gong nokre slike hos J. Tanner Cicilienfryd-Molde. Men dei gjekk tapt, då han døydde og garden vart seld.
35. Vatn var ikkje berre bruka til blanding i medesin, men også beintfram som medesin. Ved brannsar nytta dei vatn både kaldt og lunka-likeeins til omslag under feber, til ymse bad-- og sjøvatn var vissaste midlet for "engelsk syke".
Vatn frå serlege helsekjelder er ikkje kjend her.
37. Pepar-brennevin eller kamfer brennåvin vert bruka under "forkjølelse" for å sveitta.
38. Knut Havskjer og Kari Kvernen var kjende som sårlekjarar. Torine Dale laga medesin til regulering av avføring, mage- og urinvansker. Ho hadde også augemedesin.
39. Dei hadde jamnast ein liten kniv til å opna svullar med skjera vekk filler av sår. Dei hadde nål å sy saman sår med og silketråd. Dei som dreiv med årelating hadde ein Sleppert-(ei lita øks, som ei fjør slo ned i kjøtet og åra.) Den var også nytta under kopping. Elles hadde dei ei lita øks,-kalla bill- som dei bruka under kopping.
40. Desse reidskapa var heimelaga.- av smedar eller andre.
42. Ja.
43. sjå 39.
44. Det var vanleg.
45. Ikkje dei vanlege bygdelækjarar-men andre-
46. Oftaste var det ein eller eit par sjukdomar kvar einskild hadde medesin til og arbeidde med. Sjå 38
Hans Hennøen var leddokter og var mykje nytta.

46. Eit døme på spesialist millom bygdedokterar skal eg taka fram her, då det heile er autentisk:

Ei kone 44 år hadde vikla okkelåden. Ho trudde eitkvart bein var kome ut av lage. Men gamledokteren trudde ikkje det. Ho fekk noko smurning. Men foten vart lækare. So til Kristiansund til annan dokter. Same diagnose og medesin. Foten vart berre verre og veikare. I Trondheim var ein kjend dokter. Mannen tok kona med og drog dit. Okkel-leden var noko hoven. Dokteren kunne ikkje segja om nokon av dei mange beina i leden var ute av lage, men heldt det ikkje for umogeleg.

So segjer mannen. Det skal vera ein leddokter dei kallar Storløyken, enn om me reiser om han? Jau det kan de gjera sa dokteren, han kan no ikkje få til å gjera denne foten ringare enn han er.

Dei fann Storløyken på slåtteteigen. Kona vart lagt på ein divan, baa føterne avkledd. Han stilla seg ved fotblada og fikserte føterne nøie. Då han var ferdig med granskinga, sette han tommelfingeren på eit punkt i leden og gjorde ei vridning med fotabladet. Det gav ein liten lyd.

Ja, du har nok gått forlenge med dette, det er vanskeleg at beinet kjem til å sitja på rette staden.

Men kjenner du nokon forskjell, spurte han kona. Jau. Prøv no å leda foten og kjenn om det gjer vondt.

Nei no gjer det ikkje vondt, svara ho.

Han slo med handflata mot terne og beinet gjekk ut av leden att. Ja, her må nokk spjelkast, so leden fær vera roleg. Det vart gjort og foten var i orden att.

47. Dei hadde med^esinen i skåp, kister eller skrin.

48. Dei hadde ei veske eller skreppe dei bar det i.

C. L æ k j e b ø k e r.

Trykkte lækjebøker er ikkje kjende her frå gamall tid.